



Sunnfjord  
kommune

# Vurdering av strukturtiltak

## Tiltak 9: Legge ned Holsen barnehage



# Innhold

<b>Tiltak 9 barnehage: Legge ned Holsen barnehage</b> .....	<b>3</b>
<b>Beskriving av tiltak</b> .....	<b>3</b>
Geografi .....	4
Avstand Grøneng i Haukedalen og Holsen barnehage til andre barnehagar i Sunnfjord kommune .....	4
Demografi.....	5
Busetting i Førde sentrum .....	5
Busetting i Holsen skulekrins og utvalde skulekrinsar i distriktet.....	6
Kapasitet .....	7
Kapasitet arealplassar i Førde sentrum .....	8
Kapasitet i kommunale barnehagar i skulekrinsane Holsen, Vassenden og Viksdalen.....	10
Kapasitet i private barnehagar i Førde sentrum 2024/2025 .....	10
Kapasitet i private barnehagar i utvalde i skulekrinsane Holsen, Viksdalen og Vassenden i distriktet .....	12
Kapasitet for barnehageåret 2025/2026 .....	12
Kapasitet for barnehageåret 2026/2027 .....	17
<b>Kapasitet til å legge ned Holsen barnehage frå 2026</b> .....	<b>18</b>
Kapasitet i Førde sentrum .....	18
Bemanning- og pedagognorm i kommunale barnehagar i Førde sentrum .....	18
Kapasitet i skulekrinsane Vassenden og Viksdalen .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
<b>Konsekvensar</b> .....	<b>23</b>
Økonomisk effekt.....	23
Konsekvensar for barna .....	24
Konsekvensar for tilsette .....	25
Konsekvensar for lokalsamfunnet.....	25
Andre konsekvensar .....	25
<b>Effekt- og konsekvensmatrise</b> .....	<b>26</b>
<b>Konklusjon</b> .....	<b>27</b>

# Tiltak 9 barnehage: Legge ned Holsen barnehage

Start | 01.03.2025  
Slutt | 01.08.2026

## Beskriving av tiltak

Tiltaket handlar om å legge ned Holsen barnehage. Det blei i formannskapet 15.11.204 i sak 213/24 Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen – offentlig ettersyn gjort følgende vedtak:

«Formannskapet vedtek å legge Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen- Vurdering av innsparing og omstilling datert 08.11.24 ut på høyring, med følgende tilleggsframlegg:

- Kommunedirektøren greier ut nedlegging av inntil to barnehagar i Førde sentrum i 2025. Utgreiinga blir sendt ut på høyring.
- Nedlegging av Holsen barnehage vert utgreidd og tiltaket vert lagt ut på høyring.

Høyringsperioden er 1. desember 2024 til 20. januar 2025».

Holsen barnehage er samlokalisert med Holsen skule. Det er i dag 2 avdelingar i barnehagen, eine avdelinga er lokalisert i skulebygget og eine avdelinga er plassert i ein brakkerigg.

I tiltaket blir det vurdert både å legge ned Holsen barnehage og redusere med ei avdeling. Holsen barnehage blei etablert i 2008 med ei avdeling fordi det var behov for barnehageplassar i området. I 2010 blei barnehagen utvida med ei avdeling. I vedlegget til kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen, [Standard for barnehagebygg og uteområde og vurderingar av status i barnehagane i dag](#) er det gjort ei vurdering av barnehagen ut i frå gitte kriterium. Barnehagen har gode fasilitetar for både barn og tilsette, ulempa er at avdelingane ikkje er samlokaliserte som gir barnehagen ei mindre effektiv drift.

Sunnfjord kommune eig ikkje brakkeriggen som eine avdelinga er lokalisert, vi har ein årleg leigekostnad.

I tiltaket blir det vurdert 2 ulike senario:

- Legge ned ei avdeling i Holsen barnehage frå hausten 2025
- Legge ned heile barnehagen frå hausten 2026

## Geografi

Barnehagen ligg i Holsen skulekrins, og det er 21 km til Førde sentrum. Googlemaps er nytta som kjelde for å finne avstand mellom Grøneng i Haukedalen til eit utval barnehagar, og mellom Holsen barnehage og eit utval barnehagar.

### Avstand Grøneng i Haukedalen og Holsen barnehage til andre barnehagar i Sunnfjord kommune

#### Avstand frå Grøneng i Haukedalen til barnehagar i Sunnfjord kommune

Grøneng ligg inst i Haukedalen og er det område i skulekrinsen som har lengst avstand til andre barnehagar dersom Holsen blir lagt ned.

Barnehagar	Avstand i km
Holsen	17,7
Viksdalen	21,1
Sunde	32,4
Langhaugane	33,4
Vassenden	34,5
Nærleiken	37,6
Viebøen	37,8
Hatlehaugen	37,9
Vie	37,9
Vieåsen	38,2
Tusenfryd	38,5
Solvang	38,8
Ytre Hafstad	39,1
Prestebakken	39,5
Solsida avdeling Toene	39,5
Halbrend	40,1

Tabell 1: Avstandar mellom Grøneng i Haukedalen til eit utval barnehagar.

#### Avstand frå Holsen barnehage til andre barnehagar i Sunnfjord kommune

I tabellen er det sett opp avstandar frå Holsen barnehage til andre barnehagar i nærområdet.

Barnehagar	Avstand i km
Sunde	14,7
Langhaugane	15,7
Vassenden	16,6
Viksdalen	18,8
Nærleiken	19,9
Viebøen	20,1


Hatlehaugen	20,2
Vie	20,2
Vieåsen	20,8
Tusenfryd	20,8
Solvang	21,1
Ytre Hafstad	21,4
Prestebakken	21,8
Solsida avdeling Toene	21,8
Halbrend	22,4

Tabell 2: Avstandar mellom Holsen barnehage til eit utval andre barnehagar.

## Demografi

Framskivingane av barnetalet i Sunnfjord kommune i aldersgruppa 1-5 år har ei negativ utvikling fram mot 2050, jf. kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen.


Framskiving av tal fødde for heile Sunnfjord kommune fram til 2050 syner at det i gjennomsnitt blir født 227 barn per år.



Graf 1: Syner oversikt framskiving av tal fødde i perioden 2024-2050.

## Busetting i Førde sentrum

Uttrekket frå Norkart sin befolkningsanalyse 19.11.2024 syner kor mange som er busett innanfor skulekrinsane i Førde sentrum. Tala frå Norkart befolkningsanalyse viser kor mange i aldersgruppa 0-5 år som er busett per dags dato innanfor skulekrinsane Flatene, Førde barneskule, Slåtten og Sunde. Tala for Førde sentrum er uendra frå uttrekket 27.09.2024.



Graf 2: Syner oversikt over busette i skulekrinsane per 19.11.2024.


Samla for Førde sentrum er det busett i aldersgruppa 0-5 år som vist i tabellen under:

År	2024	2023	2022	2021	2020	2019
Førde sentrum	96	133	135	140	132	159

Tabell 3: Syner oversikt over busette i aldersgruppa 0-5 år.

### Busetting i Holsen skulekrins og utvalde skulekrinsar i distriktet

Uttrekket frå Norkart sin befolkningsanalyse 19.11.2024 syner kor mange som er busett innanfor dei utvalde skulekrinsane i distriktet. Tala frå Norkart befolkningsanalyse viser kor mange i aldersgruppa 0-5 år som er busett per dags dato innanfor skulekrinsane Holsen, Vassenden og Viksdalen.



Graf 3: Syner oversikt over busette i skulekrinsane per 19.11.2024.

Samla for dei utvalde skulekrinsane er det busett i aldersgruppa 0-5 år som vist i tabellen under:

År	2024	2023	2022	2021	2020	2019
Utvalde skulekrinsar i distriktet	12	35	17	28	25	27

Tabell 4: Syner oversikt over busette i aldersgruppa 0-5 år.

I Holsen barnehage er det per i dag 3 barn som har tilbod om barnehageplass som kjem frå Viksdalen skulekrins.

## Kapasitet

For å vurdere kapasiteten i tiltaket er det sett på kapasiteten i Førde sentrum og i skulekrinsane Vassenden og Viksdalen. Det er to vilkår som må vurderast for kva kapasitet det er i Førde sentrum og i dei andre skulekrinsane, og om det er mogeleg å legge ned Holsen barnehage:

- Kapasitet arealplassar i Førde sentrum
- Kapasitet arealplassar i Vassenden og Viksdalen skulekrins
- Tilstrekkeleg grunnbemanning og pedagogtettleik

I framstillinga av kapasiteten er det laga ein oversikt for Førde sentrum og ein for skulekrinsane Holsen, Vassenden og Viksdalen. Vi har valt å skilje tabellane då det er fleire i Holsen skulekrins som truleg har arbeidsstad i Førde og pendlar den vegen enn det er mot Vassenden og Viksdalen skulekrins.

Det er henta ut nye oppdaterte tal for å sjå på kapasiteten i barnehagane i Førde sentrum etter at kunnskapsgrunlaget for kvalitet og kapasitet blei vedteke i kommunestyret 26.09.2024. Uttrekket er frå 27.09.2024 og gjeld for barnehageåret 2024/2025.


I denne framstillinga er det ikkje tatt omsyn til bemanningsnorma i den enkelte barnehage (tilsette i dag) eller om det er forsvarleg pedagogisk å utnytte arealplassane maksimalt. Dette er ei matematisk framstilling og kapasiteten er noko lågare ut frå eit forsvarleg pedagogisk perspektiv.

## Kapasitet arealplassar i Førde sentrum

### Kapasitet i kommunale barnehagar i Førde sentrum for 2024/2025

Grafen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte kommunale barnehage for barnehageåret 2024/2025.

Ut i frå tal arealplassar er det ledig kapasitet i alle dei kommunale barnehagane for inneverande barnehageår.





Graf 4: Oversikt over kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar i kommunale barnehagar.

Tabellen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte barnehage.

Barnehagar	Barnetal 24/25	Kapasitet areal- plassar	Arealplassar i bruk	Ledige areal- plassar
Halbrend	54	79,8	60	19,8
Hatlehaugen	39	57,1	43,7	13,4
Nærleiken	61	135,1	69,3	65,8
Slåttebakkane	30	49,8	34	15,8
Solsida avd. Haugum	33	55,3	36,7	18,7
Solsida avd. Toene	52	68	57,3	10,7
Sunde	54	87,6	60	27,6
Tusenfryd	29	57,3	33	24,3
Vie	80	109,1	90	19,1
Vieåsen	52	77,1	58,7	18,4
Ytre Hafstad	55	98,4	61	37,4

<b>Samla</b>	<b>539</b>	<b>874,7</b>	<b>603,7</b>	<b>271</b>
--------------	------------	--------------	--------------	------------

Tabell 5: Syner oversikt over kapasitet i kommunale barnehagar.

## Kapasitet i kommunale barnehagar i skulekrinsane Holsen, Vassenden og Viksdalen


<b>Barnehagar</b>	<b>Barnetal 24/25</b>	<b>Kapasitet areal- plassar</b>	<b>Arealplassar i bruk</b>	<b>Ledige areal- plassar</b>
Holsen	<b>22</b>	<b>46,2</b>	<b>23,7</b>	<b>22,6</b>
Viksdalen	<b>10</b>	<b>24</b>	<b>11</b>	<b>13</b>
Langhaugane	<b>58</b>	<b>148,9</b>	<b>65</b>	<b>83,9</b>
<b>Samla</b>	<b>90</b>	<b>219,1</b>	<b>241,2</b>	<b>119,5</b>

Tabell 6: Syner oversikt over kapasitet i kommunale barnehagar.

## Kapasitet i private barnehagar i Førde sentrum 2024/2025

Grafen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte private barnehage for barnehageåret 2024/2025.

Ut i frå tal arealplassar er det ledig kapasitet i alle dei private barnehagane for inneverande barnehageår.



Graf 5: Oversikt over kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar i private barnehagar.

Tabellen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte barnehage.

Barnehagar	Barnetal 24/25	Kapasitet arealplassar	Arealplassar i bruk	Ledige arealplassar
Prestebakken	54	78,8	61,2	17,6
Solvang	47	78,3	54,2	24,1
Viebøen	57	104	65,6	38,4
<b>Samla</b>	<b>158</b>	<b>261</b>	<b>180,9</b>	<b>80,1</b>

Tabell 6: Syner oversikt over kapasitet i private barnehagar.

## Kapasitet i private barnehagar i utvalde i skulekrinsane Holsen, Viksdalen og Vassenden i distriktet

Barnehagar	Barnetal 24/25	Kapasitet areal- plassar	Arealplassar i bruk	Ledige areal- plassar
Vassenden	24	73,5	28,2	45,3

Tabell 7: Syner oversikt over kapasitet i private barnehagar.

### Kapasitet for barnehageåret 2025/2026

Hausten 2025 er det til saman 162 barn, inkludert dei som har utsett skulestart, som skal starte på skule i Førde sentrum. Desse barna frigjer kapasitet i barnehagane.

#### Arealplassar som blir ledige | 162

I 2023 - kullet er det 122 barn som har barnehageplass i Førde sentrum. Det er per 19.11.2024 registret 96 barn fødde i 2024. Legg vi til grunn at det er tilsvarande tal barn som søker om barnehageplass av dei som blir født i 2024 i Førde sentrum vil deira behov for arealplassar bli:

Faktorar	Tal
Tal barn som søker barnehageplass hausten 2025	122
Arealplassar det er bruk for	176
Barn født i 2024 og desember 2023 som har fått tilbod om barnehageplass	12
Arealplassar som alt er tatt i bruk	17
Samla behov for nye arealplassar ved nytt barnehageår	159

Tabell 8: Behov for arealplassar til barn fødde i 2024.

Dersom vi legg til grunn at det er 122 barn som søker om barnehageplass til nytt barnehageår 2025/2026, og vi trekk frå dei som allereie har fått barnehageplass barnehageåret 2024/2025 er det behov for 159 arealplassar for å gje barna eit tilbod. Det vil vere behov for 3 færre arealplassar for barnehageåret 2025/2026 samanlikna med barna som skal starte på skulen hausten 2025.

For Holsen skulekrins er det meir usikre tal på kor mange barn som søker om barnehageplass til nytt barnehageår 2025/2026. Per 19.11.2024 er det født 1 barn som tilhøyrrer Holsen skulekrins. I 2023-kullet er det 5 som har barnehageplass, der eitt av barna tilhøyrrer ein annan skulekrins. Slik tala ser ut per i dag vil det vere færre barn som har bruk for barnehageplass i 2024-kullet enn 2023-kullet.

Når 2019- kullet startar på skulen hausten 2025 vil barnehagane få meir ledige arealplassar. I Holsen skulekrins er det 8 barn som startar på skulen hausten 2025.


På noverande tidspunkt har vi ikkje kjennskap til kor mange i 2024 -kullet som søker om barnehageplass frå hausten 2025. Grafen under syner dei vi per i dag kjenner at skal gå i barnehage frå hausten 2025, nokre som vist ovanfor i 2024 – kullet har allereie fått tilbod om plass barnehageåret 2024/2025 og er inkludert i grafane under kapasitet i kommunale barnehagar og private barnehagar i Førde sentrum.

### Kapasitet i kommunale barnehagar i Førde sentrum

Dei som har fått tilbod i kommunale barnehagar utan lovfesta rett barnehageåret 2024/2025 per september 2024:

Født	Tal
2024	6
Desember 2023	4

Tabell 9: Viser kor mange barn som har fått tilbod om barnehageplass født desember 23 og 24.



Graf 6: Oversikt over kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar i kommunale barnehagar hausten 2025.

Tabellen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte barnehage.

Barnehagar	Barnetal 24/25	Kapasitet arealplassar	Arealplassar i bruk	Ledige arealplassar
------------	----------------	------------------------	---------------------	---------------------

Halbrend	38	79,8	41,3	38,4
Hatlehaugen	28	57,1	29,3	27,8
Nærleiken	47	135,1	51	84,1
Slåttebakkane	28	49,8	30	19,8
Solsida avd. Haugum	24	55,3	25,7	29,7
Solsida avd. Toene	35	68,0	37,3	30,7
Sunde	54	87,6	38,3	49,2
Tusenfryd	35	57,3	26,7	30,7
Vie	66	109,1	71	38,1
Vieåsen	43	77,1	46,3	30,8
Ytre Hafstad	42	98,4	45	53,4
<b>Samla</b>	<b>410</b>	<b>874,7</b>	<b>442</b>	<b>432,7</b>

Tabell 10: Syner oversikt over kapasitet i kommunale barnehagar.

## Kapasitet i kommunale barnehagar i skulekrinsane Holsen, Vassenden og Viksdalen

Barnehagar	Barnetal 25/26	Kapasitet areal-plassar	Arealplassar i bruk	Ledige areal-plassar
Holsen	14	46,2	15,7	30,6
Viksdalen	7	24	7,7	16,3
Langhaugane	49	148,9	54,3	94,6
<b>Samla</b>	<b>70</b>	<b>219,1</b>	<b>77,7</b>	<b>141,5</b>


Tabell 11: Syner oversikt over kapasitet i kommunale barnehagar.

## Kapasitet i private barnehagar i Førde sentrum

Dei som har fått tilbod i private barnehagar utan lovfesta rett barnehageåret 2024/2025 per september 2024:

Født	Tal
2024	1
Desember 2023	1

Tabell 12: Viser kor mange barn som har fått tilbod om barnehageplass født desember 23 og 24.



Graf 7: Oversikt over kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar i private barnehagar hausten 2025.

Tabellen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte barnehage.

Barnehagar	Barnetal 24/25	Kapasitet arealplassar	Arealplassar i bruk	Ledige arealplassar
Prestebakken	42	78,7	44,6	34,2
Solvang	37	78,3	41,6	36,7
Viebøen	46	104	50,1	53,9
<b>Samla</b>	<b>125</b>	<b>261</b>	<b>136,3</b>	<b>124,7</b>

Tabell 13: Syner oversikt over kapasitet i private barnehagar.



## Kapasitet i dei private barnehagane i skulekrinsane Holsen, Vassenden og Viksdalen

Barnehagar	Barnetal 24/25	Kapasitet areal-plassar	Arealplassar i bruk	Ledige areal-plassar
Vassenden	22	73,5	24,9	48,6

Tabell 14: Syner samla oversikt over kapasitet i private barnehagar.

## Kapasitet for barnehageåret 2026/2027

For å gi eit estimat over kapasitet i barnehagane i Førde sentrum er det tatt utgangspunkt i framskrive fødselstal for 2024 og 2025. Desse tala er usikre då vi ikkje har full oversikt over kor mange som blir født desse åra. Framskriving av fødselstal er på kommunenivå, for å få eit estimat for Førde sentrum er det tatt utgangspunkt i kor mange som er busett i kulla vi har kjennskap til per i dag. I framskrivingane blir det i 2024 født 221 barn og i 2025 er det 225 barn. I estimatet er det lagt til grunn at det er født om lag 126 barn i 2024 og om lag 130 barn i 2025 for Førde sentrum.

Dei som vil gå i barnehage frå hausten 2026 er født frå 2021-2025.

Det er ikkje mogeleg å få talmaterialet ned på barnehagenivå. Dette då det er usikkert kor barna som blir født er busett og kva barnehage foreldre vel.

Med dagens struktur blir tala for barnehageåret 2026/2027 slik i Førde sentrum:

Barnehagar	Barnetal 26/27	Kapasitet areal-plassar	Arealplassar i bruk	Ledige areal-plassar
Førde sentrum	664	1 136	578,3	557,4

Tabell 7: Syner oversikt over samla kapasitet i Førde sentrum barnehageåret 2026/2027 basert på eit estimat.

Med dagens struktur vil det vere 557,4 ledige arealplassar.

# Kapasitet til å legge ned Holsen barnehage frå 2026

## Kapasitet i Førde sentrum

I dei private barnehagane er det til saman plass til 180 heiltidsplassar:

<b>Barnehage</b>	<b>Heiltidsplassar</b>
Prestebakken	66
Solvang	54
Viebøen	60
<b>Samla</b>	<b>180</b>

Tabell 15: Oversikt over tal heiltidsplassar i private barnehagar

## Bemanning- og pedagognorm i kommunale barnehagar i Førde sentrum

For å vurdere om det er tilstrekkeleg grunnbemanning og pedagogtettleik til å legge ned fleire barnehagar er det sett på kva grunnbemanning og pedagogtettleik barnehagane skal ha dersom dei er fulle. For å synleggjere behovet for grunnbemanning og pedagogtettleik når barnehagane er full har vi nytta Utdanningsdirektoratet sin bemanningskalkulator. Det er lagt inn ein sjablong for å få fram barn per barnehage som vist i tabellen under:

<b>Tal avdelingar</b>	<b>Barn under 3 år</b>	<b>Barn over 3 år</b>	<b>Barn samla</b>
3	9	36	45
4	18	36	54
5	18	54	72
6	27	54	81

Tabell 16: Oversikt over tal heiltidsplassar etter sjablong

Pedagogtettleiken kan variere dersom forholdet mellom barn under 3 år og over 3 år varierer frå det som er lagt inn i tabellen.

I bemanningskalkulatoren nyttar Utdanningsdirektoratet omgrepet heiltidsplassar, det er derfor nytta som omgrep i tabellen under.

Dersom barnehagane er fulle skal barnehagane ha følgande grunnbemanning og pedagogtettleik for å støtte lovkrava (tala er i årsverk):

<b>Barnehage</b>	<b>Heiltidsplassar</b>	<b>Grunnbemanning</b>	<b>Pedagogtettleik</b>
Halbrend	54	12	6

Hatlehaugen	45	9	4
Nærleiken	81	18	8
Slåttebakkane	45	9	4
Solsida avdeling Haugum	45	9	4
Solsida avdeling Toene	54	12	6
Sunde	54	12	6
Tusenfryd	54	12	6
Vie	81	18	8
Vieåsen	54	12	6
Ytre Hafstad	54	12	6
<b>Samla</b>	<b>609</b>	<b>135</b>	<b>64</b>

Tabell 17: Oversikt over tal heiltidsplassar og behov for grunnbemanning og pedagogtettleik.

### Barnehageåret 2024/2025

Barnehagane har for barnehageåret 2024/2025 følgande heiltidsplassar, grunnbemanning og pedagogtettleik (tala er i årsverk):

Barnehage	Heiltidsplassar	Grunnbemanning	Pedagogtettleik
Hålbrend	54,0	12,5	5,6
Hatlehaugen	39,0	9,0	4,0
Nærleiken	60,3	15,1	8,4
Slåttebakkane	30,0	7,9	5,0
Solsida avdeling Haugum	33,0	9,4	4,0
Solsida avdeling Toene	51,8	13,6	6,0
Sunde	54,0	12,7	5,3
Tusenfryd	28,6	10,5	6,1
Vie	78,6	21,0	7,8
Vieåsen	52,0	13,6	5,6
Ytre Hafstad	54,5	14,5	6,4
<b>Samla</b>	<b>535,8</b>	<b>139,8</b>	<b>64,2</b>

Tabell 18: Oversikt over tal heiltidsplassar og behov for grunnbemanning og pedagogtettleik for inneverande barnehageår.

Grunnbemanning og pedagogtettleiken som er i barnehagane for inneverande barnehageår er henta frå barnehageportretta som var vedlegg til kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen. Tala i barnehageportretta er dei tala barnehagane sjølv har rapportert inn til kunnskapsgrunnlaget.

Det kan vere noko avvik i talet som er rapportert inn:

- Både dei som har fast stilling og dei som vikarierer er tatt med i rapporteringa (ein stillingheimel har 2 tilsette)
- Barnehagane opplever ikkje overtalige fordi dei som er overtalige i grunnbemanning blir nytta til barn med spesielle behov som har bruk for ressursar

Basert på heiltidsplassar som har tilbod om barnehageplass per i dag er det overtalige i barnehagesektoren. Dersom vi legg lovverket for bemannings- og pedagognorm til grunn skulle tala sett slik ut for kommunale barnehagar i Førde sentrum:

Barnehage	Heiltidsplassar	Grunnbemanning	Pedagogtettleik
Kommunale barnehagar i Førde sentrum	535,8	121,3	58,0

Tabell 19: Oversikt over tal heiltidsplassar og behov for grunnbemanning og pedagogtettleik.

## Bemanning og pedagogtettleik i kommunale barnehagar i skulekrinsane Vassenden og Viksdalen

### Barnehageåret 2024/2025

Barnehagane har for barnehageåret 2024/2025 følgande heiltidsplassar, grunnbemanning og pedagogtettleik (tala er i årsverk)

Barnehage	Heiltidsplassar	Grunnbemanning	Pedagogtettleik
Langhaugane	58,0	14,5	5,5
Viksdalen	9,5	2,0	1,4
<b>Samla</b>	<b>67,5</b>	<b>16,5</b>	<b>6,9</b>

Tabell 20: Oversikt over tal heiltidsplassar og behov for grunnbemanning og pedagogtettleik for inneverande barnehageår.

Grunnbemanning og pedagogtettleiken som er i barnehagane for inneverande barnehageår er henta frå barnehageportretta som var vedlegg til kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen. Tala i barnehageportretta er dei tala barnehagane sjølv har rapportert inn til kunnskapsgrunnlaget.

Det kan vere noko avvik i talet som er rapportert inn:

- Både dei som har fast stilling og dei som vikarierer er tatt med i rapporteringa (ein stillingheimel har 2 tilsette)
- Barnehagane opplever ikkje overtalige fordi dei som er overtalige i grunnbemanning blir nytta til barn med spesielle behov som har bruk for ressursar

Basert på heiltidsplassar som har tilbod om barnehageplass per i dag er det overtalige i barnehagesektoren. Dersom vi legg lovverket for bemannings- og pedagognorm til grunn skulle tala sett ut for kommunale barnehagar i skulekrinsane Vassenden og Viksdalen:

Barnehage	Heiltidsplassar	Grunnbemanning	Pedagogtettleik
Kommunale barnehagar	67,5	15,2	7,0

Tabell 21: Oversikt over tal heiltidsplassar og behov for grunnbemanning og pedagogtettleik.

## Legge ned 1 avdeling i Holsen barnehage hausten 2025

### Barnehageåret 2025/2026

I tabellen under er ein oversikt over tal barn som vi kjenner til at har barnehageplass i barnehagen frå hausten 2025:

Årstal	2024	2023	2022	2021	2020	Sum
Tal barn	0	5	0	6	3	14

Tabell 22: Oversikt over tal barn med barnehageplass.

### Faktorar vi kjenner til:

- Eit av barna høyrer til Viksdalen skulekrins
- Det er født 1 barn i 2024
- I avdelinga i skulebygget er det kapasitet til 21,6 arealplassar

I utrekninga for å kome fram til arealplassar i avdelinga i skulebygget er det lagt til grunn eit samla leike- og opphaldsareal på 93,7 m<sup>2</sup>. Når vi deler på 4,5 m<sup>2</sup> som er arealnorma for store barn får vi 21,6 arealplassar.

I arealet som er nytta til leike- og opphaldsareal i barnehagen har vi trekt ut arealet til garderobe. Bakgrunnen er at både fin- og grovgarderobe er i same arealet og ikkje eit eigna område til leikeaktivitet.

Barna som har tilbod om plass i barnehagane i dag har bruk for areal som vist i tabellen under:

Alder	Arealnorm	Tal barn	Bruk for areal i m <sup>2</sup>
0-2 år	6 m <sup>2</sup>	5	30,0
3-6 år	4,5 m <sup>2</sup>	9	40,5
<b>Samla</b>		<b>14</b>	<b>70,5</b>

Tabell 23: Oversikt over behov for areal.

Behovet for arealplassar for denne barnegruppa er 15,7.

Holsen barnehage vil ha disponibelt 5,9 arealplassar til nye barn i ei avdeling.

På bakgrunn av talgrunnlaget er det mogeleg å legge ned 1 avdeling i Holsen barnehage utan at det har større konsekvensar.

Dersom det skal vere ei permanent avdeling i skulebygget i framtida er det bruk for å sjå på fasilitetane til garerobeløysingane i bygget. Garderoben fungerer fint i dag då det er færre barn som brukar den i kvardagen. Om alle barna skal nytte same garderobe i framtida kan det bli utfordringar med kapasitet i disponibelt areal til ei større barnegruppe.

Arealet som eignar seg til soverom, kvilerom for dei minste barna, har eit vindauge som ikkje er stort nok til rømmingsveg. Når dei minste barna skal nytte dette til kvilerom/soverom er det bruk for å sette inn eit større vindauge slik at det er mogeleg å bruke som rømmingsveg.

Oppgraderingar det er bruk for å sjå på i tiltaket er ikkje talfesta, det vil bli ei mindre investering å legge ned 1 avdeling.

## Legge ned Holsen barnehage frå hausten 2026

I tiltaket er det forslag om å legge ned Holsen barnehage frå hausten 2026.

Bakgrunnen for at det ikkje blir foreslått frå hausten 2025 er at det er føremålstenleg å sjå dette i samanheng med tiltak i kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen, då val av barnehage kan ha ein konsekvens dersom Holsen skule blir lagt ned. Det er uheldig at barna i skulekrinsen må bytte barnehage fleire gonger på kort tid då val av kva skule barna frå krinsen skal gå på i framtida, kan påverke valet av barnehage.

Det har ein større konsekvens for dei som nyttar barnehage i Holsen barnehage i dag dersom barnehagen blir lagt ned. Dette då fleire vil få lengre veg til og frå barnehagen og krinsen mistar eit tilbod dei har i nærmiljøet per i dag.

## Barnehageåret 2026/2027

Tala for barnehageåret 2026/2027 er usikre tal då vi ikkje vil ha full kjennskap til kor mange barn som blir fødde i kulla 2024 og 2025 som er ein stor del av talgrunnlaget. I tabellen under er det oversikt over tal barn vi kjenner til at har ein barnehageplass i barnehagen frå hausten 2026:

Årstal	2025	2024	2023	2022	2021	Sum
Tal barn	0	0	5	0	6	11

Tabell 24: Oversikt over tal barn med barnehageplass.

### Faktorar vi kjenner til:

- Eit av barna høyrer til Viksdalen skulekrins
- Det er født 1 barn i 2024

På bakgrunn av tal barn som har barnehageplass i Holsen barnehage per i dag er det rom for å gje barna tilbod ei ein anna barnehage enten i Førde sentrum eller i barnehagar i skulekrinsane Vassenden og Viksdalen hausten 2026. Det er til saman 11 barn som har bruk for barnehageplass i ein anna barnehage dersom barnehagen blir lagt ned.

## Konsekvensar

Alle konsekvensar knytt til barn, tilsette, lokalsamfunn og andre konsekvensar er sett i lys av at Holsen barnehage blir lagt ned frå hausten 2026. Vi vurderer at konsekvensane for alle partar er minimale ved å legge ned 1 avdeling i Holsen barnehage frå hausten 2025 då det er talgrunlaget og behov for barnehageplass i kringen som er dei avgjerande faktorane for at det er mogeleg å legge ned 1 avdeling.

## Økonomisk effekt

Den økonomiske effekten er todelt, å legge ned ei avdeling har mindre effekt enn å legge ned heile barnehagen.

Forventa effekt	Beløp i 1000				
	Budsjettår	Økonomiplanperiode			
	2024	2025	2026	2027	2028
Legge ned ei avdeling 2025, brakkeriggen	510	510	510	510	510
Legge ned Holsen barnehage 2026	4 475	4 465	4 465	4 465	4 465

Tabell 25: Innsparingspotensiale.

For å få full heilårseffekt av tiltaket i 2027, ved å legge ned Holsen barnehage, er det fleire vilkår som må slå inn:

- Redusere tal årsverk i barnehagesektoren tilsvarande årsverk som er i Holsen barnehage per i dag.
- Redusere kostnadar til reinhald tilsvarande det som blir nytta i Holsen barnehage i budsjettet til reinhald
- Redusere kostnadar vaktmeister tilsvarande det som blir nytta i Holsen barnehage i budsjettet til bygg- og eigedomsforvaltning

- Andre driftskostnader på teneste 201 barnehage, 211 styrking av grunnbemanning og 221 barnehagelokale og skyss blir redusert tilsvarende budsjettet til barnehagen
- Barn som går i Holsen barnehage vel ein anna kommunal barnehage

#### Innsparingspotensialet ved å legge ned 1 avdeling 2025:

Postar	Kostnad
Leigeutgifter til brakkerigg	160
Lønskostnader, 0,5 årsverk	350
<b>Samla</b>	<b>510</b>

Tabell 64: Innsparingspotensialet ved å legge ned 1 avdeling

For brakkeriggen er summen i rekneskapet for 2023 lagt inn og innsparing i årsverk er det nytta 350 000 kroner som ein sjablong.

#### Rekneskap 2023 og budsjett 2024 for Holsen barnehage

Ansvar	Teneste	Rekneskap 23	Budsjett 24
214	Barnehage	4 496	4 226
	Styrking av grunnbemanning	0	0
	Barnehagelokale og skyss	180	209
	<b>Samla</b>	<b>4 676</b>	<b>4 475</b>

Tabell 24: Rekneskap 2023 og budsjett 2024 for barnehagen.

#### Konsekvensar for barna

- Det er til saman 11 barn som har behov for ny barnehageplass dersom Holsen blir lagt ned
- Det er kapasitet og bemanning i andre barnehagar i Førde sentrum og skulekrinsane Vassenden og Viksdalen, både i kommunale og private barnehagar, til å ta inn barn frå Holsen barnehage
- Ein premiss for å redusere konsekvensane for barna i Holsen barnehage er at barna får søke om barnehageplass i ny barnehage før hovudopptaket for barnehageåret 2025/2026, kan velge ein barnehage i nærleiken.
- Barnehagetilbodet og innhald, grunnverdiar, regelverk, rammeplanen og overordna planar for Sunnfjord kommune er det same i alle barnehagar
- Tilrettelegging og støttesystem vil vere det same tilbodet i andre barnehagar
- Holsen barnehage har hatt 0,5 årsverk høgare bemanning i barnehagen på grunn av lokasjonane til avdelingane
- Meir variasjon og større barnegrupper.



## Konsekvensar for tilsette

- Samla for barnehagesektoren må tal tilsette reduserast tilsvarande årsverk som er i Holsen barnehage
- Personalgruppa i Holsen barnehage blir oppløyst som kollegagruppe og tilsette må etablere seg i nye arbeidsmiljø
- Dei tilsette blir mest truleg spreidd i fleire barnehagar
- Ny arbeidsplass og nye kollegaer kan gi nye impulsar, og dei tilsette blir ein del av eit nytt fagmiljø
- Det er mogeleg å auke pedagogtettleiken i barnehagar som ikkje stettar krava etter barnehagelova om pedagognorm
- Tilsette som må bytte arbeidsplass skal få mogelegheit til å søke seg til andre barnehagar. Det må vere ein god prosess slik at tilsette blir godt tatt i vare
- Det gir mogelegheiter og potensiale til å tenke nytt både for tilsette som kjem inn og dei som skal ta imot nye tilsette
- Med dagens situasjon der vi skal redusere kostnadane og overtalige i barnehagesektoren vil det i størst grad vere interne prosessar for tilsetting før det eventuelt blir lyst ut eksternt. Fleire tilsette enn dei som er tilsett i Holsen barnehage kan bli råka av dette.

## Konsekvensar for lokalsamfunnet

- Det vil vere ein større konsekvens for lokalsamfunnet å miste barnehagetilbodet i nærmiljøet samanlikna med å legge ned ein barnehage i sentrum.
- Dersom barnehagen på Holsen blir lagt ned vil lokalsamfunnet miste eit tilbod i nærmiljøet, og dei vil få lenger reiseveg til ein anna barnehage.

## Andre konsekvensar

- Ei samanslåing kan føre til meir effektiv bruk av ressursar, både når det gjeld personalkapasitet og bygningsmasse.
- Det er fritt barnehageval og foreldre kan sjølv velje kva barnehage dei ønsker barnet skal fullføre barnehagetida i. Dersom foreldre vel ein privat barnehage kan det auke tilskotet til private barnehagar.

## Effekt- og konsekvensmatrise

Her skal du vurdere av effekten av tiltaket sett opp i mot konsekvensen av tiltaket. Tiltak med låg konsekvensen og høg effekt (grøne tiltak) bør gjennomførast før tiltak med høg konsekvens og låg effekt (røde tiltak).

		Effekt og konsekvens					
Høg	1	Konsekvens	1	2	3	4	5
	2		2	4	6	8	10
	3		3	6	9	12	15
	4		4	8	12	16	20
Låg	5		5	10	15	20	25
		Effekt					
		1	2	3	4	5	
		Låg				Høg	

For effekt er 1 = veldig låg, 5 = veldig høg. For konsekvens er det motsatt. 1 = veldig høg, 5 = veldig låg.

Alternativ	Effektverdi	Konsekvensverdi	Matriseverdi
Legge ned ei avdeling	5	5	25
Legge ned Holsen barnehage	5	2	10

### Vurdering

I effekt- og konsekvensmatrisa blir begge tiltaka vurdert på grønt nivå, å legge ned ei avdeling blir vurdert høgt på grønt nivå og å legge ned barnehagen blir vurdert lågt på grønt nivå.

### Legge ned ei avdeling

Tiltaket å legge ned ei avdeling frå hausten 2025 blir vurdert på grønt nivå. Innsparinga i ein større samanheng er ikkje betydeleg, men ekstrakostnadane for å drifte ei avdeling i brakkeriggen kan reduserast. Leigekostnadane for brakkeriggen forsvinn og kostnadar til ekstra bemanning på grunn av organiseringa av barnehagen i to bygg i dag blir tatt vekk. Barnehagen har 0,5 årsverk over grunnbemanning for å drifte barnehagen i dag. Konsekvensane er minimale då det er plass til alle barna som har barnehagetilbod i Holsen barnehage i avdelinga

lokalisert i skulebygget. Det er også noko handlingsrom til å ta inn fleire barn som ønsker plass frå hausten 2025.

### **Legge ned Holsen barnehage**

Tiltaket er vurdert lågt på grønt nivå. Effekten av å legge ned Holsen barnehage er stor, då ein kan få full effekt av budsjetttramma til barnehagen. Ein premis for å få til det er at barnehagesektoren reduserer tal årsverk tilsvarande bemanninga barnehagen, kostnader til vaktmeister og reinhald blir redusert og andre kostnader som ligg på teneste 201 barnehage, 211 styrking av grunnbemanning og 221 barnehagelokale og skyss.

Konsekvensen er også høg, særleg for barn og foreldre som vil få lenger reiseveg til barnehage tilbud og lokalsamfunnet som mister ei teneste i nærmiljøet.

## **Konklusjon**

Det er mogeleg å legge ned ei avdeling i Holsen barnehage frå hausten 2025. Avdelinga som blir lagt ned er den som er lokalisert i brakkeriggen for å redusere leigekostnader og 0,5 årsverk som barnehagen har i tillegg til grunnbemanning for å drifte barnehagen slik den er i dag.

I avdelinga som er plassert i skulebygget er det 21,6 arealplassar og det er tilstrekkeleg kapasitet til å gje tilbud til dei som har Holsen som nærbarnehage. Hausten 2025 er det 8 færre barn i barnehagen samanlikna med barnehageåret 2024/2025. Dei barna vi har kjennskap til at vil ha barnehageplass i Holsen barnehagen for barnehageåret 2025/2026 har bruk for 15,7 arealplassar. Barnehagen vil med ei avdeling ha 5,9 ledige arealplassar.

Å legge ned 1 avdeling vil føre til noko investering, men i mindre skala. Det er behov for å bytte ut eit vindauge for å få rømmingsveg frå soverom, der dei minste barna skal kvile. I tillegg er det behov for å sjå på fasilitetane til garderoben då det vil vere fleire barn som nyttar denne dagleg.

Det er mogeleg å legge ned Holsen barnehage utan at det er behov for å bygge nytt eller utvide andre eksisterande barnehagar. Barnetala i framtida er usikre og vi har lite kjennskap til korleis veksten er. Framskrivinga tyder på at det blir færre barn i Holsen skulekrins på lik linje med resten av Sunnfjord kommune.

Konsekvensen for barn og foreldre blir større då det er fleire som vil få lengre reiseveg til ein anna barnehage, størst konsekvens har det for dei som bur inst i Haukedalen. Lokalsamfunnet mister ei teneste dei har hatt sidan 2008 i lokalmiljøet.

Holsen barnehage bør ikkje leggast ned før hausten 2026. Det er fornuftig å sjå dette tiltaket i samanheng med tiltaka i kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen. Utfallet av strukturtiltaka i Sunnfjordskulen kan påverke kor det er føremålstenleg å velje ny barnehage for barn i barnehagealder. Det er uheldig dersom barna må velje ny barnehage når utfallet av strukturtiltaka i Sunnfjordskulen blir vedteke.

